



Gamle 3 Hus AS  
Bellgården 1  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1902 - 19/808

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
14.01.2019

## Godkjenning - GBNR 5/193 - Løyve til bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad - Fløksand

**Administrativt vedtak. Saknr: 13/2019**

**Tiltakshavar:** Siri Bysheim  
**Ansvarleg søkjar:** Gamle3hus AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har søkt om løyve i eitt trinn for bruksendring av hytte til heilårsbustad på gbnr. 5/193, Fløksand. Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 17.12.2018.

#### **VURDERING:**

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3, og det er ikkje kome merknadar til tiltaket.

#### Lov- og plangrunnlag:

Bruksendring er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav d) og er søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

Den omsøkte egedomen ligg i uregulert område, vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Gjennom tabell 9.2 i føresegna til kommuneplanen er egedomen gitt status som LNF-spreidd fritidsbustad. Bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad krev difor dispensasjon frå arealformålet LNF, samt løyve til bruksendring etter pbl kapittel 20.

Utval for drift og utvikling gav i møte den 16.10.2018, saksnr. 77/2018, dispensasjon frå arealformålet LNF.

Plassering av tiltaket:

Den omsøkte bruksendringa inneber ikkje nye byggetiltak som krev vurdering av plassering.

Utnyttingsgrad, parkering og tilkomst:

Den omsøkte bruksendringa stettar kravet til maksimal utnytting på 30% bebygd areal (BYA) på bustadtomter.

Situasjonskart vedlagt søknaden viser at bustaden har tilstrekkeleg parkering på egedomen.

Når det gjeld tilkomst til egedomen godkjente Meland kommune søknad om løyve til etablering av ny avkøyning frå egedomen til kommunal veg i vedtak datert 16.9.2018. Bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad krev løyve til utvida bruk av denne avkøyninga. Administrasjonen finn grunnlag for å gje løyve til dette, jf. veglova § 40.

Vatn og avlaup:

Egedomen er tilkoplta kommunalt vassanlegg og har godkjent utslepp etter forureiningslova.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, journalført motteke 17.12.2018.

**VEDTAK:**

*«Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav d) gir Meland kommune løyve til bruksendring av fritidsbustaden på gbnr. 5/193, som omsøkt. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.*

*Ansvarsrett for bruksendringa gjeld i samsvar med innsendt erklæring.*

*Dei opplysningane om tiltaket og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast egedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Meland kommune gir i medhald av veglova § 40 andre ledd løyve til utvida bruk av eksisterande avkørsle til kommunal veg.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er

nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Gamle 3 Hus AS

Bellgården 1

5003

BERGEN